

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas	FE-033, TI-&75	19/392

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2019	Eldrerådet	PS	26.06.2019

Gebyrer knytt til einslege minstepensjonistar i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Til MASFJORDEN ELDRERÅD.

Bør Masfjorden kommune ha endra profil på kommunale avgifter for minstepensjonistar?

Leiar i Nordbygda pensjonistlag har fått innspel frå einslege pensjonistar om at dei kommunale avgiftene for bueiningar no pressar privatøkonomien. Det er ei kjend sak at kjøpekrafta for pensjonistar har gått ned dei siste fire åra. Med stigane prisar og avgifter er det i ferd med å verta eit misforhold mellom inntekt og utgifter.

Ein kan spørja seg om dette er spesielt for Masfjorden. Svaret kan vera både ja og nei. Ein trend i tida er at det vert fleire som har åleinehushald. Det er kanskje berre ein mindre del som er pensjonistar. For Masfjorden er dette ei gruppe som har merka seg ut.

PÅ 1950 og 60-talet var anleggsaktiviteten svært høg blant anna i Matre og Haugsdalsfjella. Det vanlege var i nystarta familiar at det var mannen som tok del i arbeidslivet ute, medan kona tok seg av born og gjerne eit småbruk. Det var arbeid som den gongen ikkje gav pensjonspoeng. I anleggsarbeid var det vanleg med vekependling, og stundom var mennene borte i lengre periodar.

Anleggsarbeidarane hadde bra inntekter, og mange av dei bygde seg etter kvart hus i denne perioden. Desse husa hadde ein langt därlegare isolering enn dagens krav, og har difor høgare fyringsutgifter med dagens straumprisar.

Det kan og vera andre grunnar til å vera minstepensjonist. Ein del kvinner kom etter kvart med i arbeidslivet, men dette var ofte delstillingar (under 50%) som ikkje gav pensjonspoeng.

For mange i arbeidslivet var krava til helse, miljø og sikkerheit (HMS) tilnærma fråverande samanlikna med i dag. På anlegg og i tunnelane var der mykje støy og støv. Dette var nok grunnen til at enkelte av arbeidarane døde så alt for tidleg. Tilbake set dei som brukte livet sitt på born og heim, utan opparbeidde pensjonspoeng. No har dei ansvar for gjerne ein litt større bolig som krev både vedlikehald og oppvarming i tillegg til høge kommunale avgifter som tyngjer. Lengre reiser til nærbutikk, tannlege og legevakt må og vera med i reknestykket.

Nordbygda pensjonistlag har handsama innspelet og meinar eldrerådet bør peika på dei utfordringane einslege minstepensjonistar står overfor. I dette bildet kjem og at kommunen satsar på velferdsteknologi slik at ein skal kunna bu i eigen bolig lengst mogeleg.

Nordbygda pensjonistlag ber difor om at Masfjorden kommunen utreda ein redusert sats for einslege minstepensjonistar. Dette gjeld først og fremst avgifter på vatn, kloakk, feieavgift, og boss. Utredninga bør vera ferdigstilt før årsbudsjettet 2020 for Masfjorden kommune skal vedtakast.

Saksopplysningar:

Eldrerådet - 009/2019

ER - behandling:

Eldrerådet ynskjer at nokon kjem inn på eit møte og informerer om bustøtte og diverse. Orienteringsmøte, samarbeid med pensjonistane og eldrerådet om støtteordningar med meir. Framlegg til vedtak frå eldrerådet:

Eldrerådet ber om at kommunen i samarbeid med pensjonistlaga og eldrerådet syter for å organisere informasjonsmøte om støtteordningar for bustøtte med vidare.

ER - vedtak:

Framlegg til vedtak frå eldrerådet:

Eldrerådet ber om at kommunen i samarbeid med pensjonistlaga og eldrerådet syter for å organisere informasjonsmøte om støtteordningar for bustøtte med vidare.